



Turen går i ei rundløype opp på Ramnanuten og ned igjen til Tysnes skule på Gjerstad (1). Området ligg nær busetnaden rundt Våge, og er mykje brukt til rekreasjon for dei som bur her.

The route takes you to the top of Ramnanuten (Raven Peak) and then circles back to the school. You are not far from the residential area at Våge, and the locals intensively use the terrain around you for recreational purposes.



Foto: Egil Sunde



Foto: Egil Sunde

### Rute og ymse av interesse

Terrang: Asfalt/grusveg, skogsveg og sti. Nokre bratte parti.  
Tid: Ca. 1 1/2 time. 3,5 km.

Vi køyrer av frå Rv49 og parkerer framfor **Tysnes skule (1)** på Gjerstad.

Langs heile ruta vil du finna temaplakatar med opplysningar om flora og fauna, viltskjøtsel og skogbruk. Dette er sett opp av skogbruksetaten for å spreie kunnskap om skogen og skogsdrifta.

Turen startar i typisk kulturlandskap med gras og engvekstar på begge sider av vegen. Første del av vegen er asfalt/grus om lag 300-400 meter, fram til eit bustadhus. Her står eit skilt med natursti (2). Stien går så inn i skogsområde prega av dunbjørk, med spreidde førekomster av furu. Etter kort tid kjem du til eit gjerde og ei grind. Rett bak grinda tek du av frå vegen, skarpt til venstre og følgjer steingarden (3).

Snart passerer du restane etter eit privat elektrisk kraftverk (4), som gav straum til heile nærområdet før elektrisitetsforsyninga for Tysnes vart organisert kring 1950. Det var fleire private elektrisitetsverk kringom på Tysnes, men dette var det største av dei. Heile vegen opp kan du sjå restane av røyrgata som førde vatnet ned til turbinen.

Vidare oppover er det mykje brakevokst mark. Området ber preg av tidlegare beiting av husdyr, og skogen har seinare fått utvikle seg naturleg (5).

I Kleiva (6) vert stigen brattare, men ikkje vanskeleg. Til slutt kjem du opp til vatnet og demninga, med ventilen som har regulert vassføringa til kraftverket. Rett framom demninga tek du til venstre der plakaten om furua (7) er plassert.

### Route and places of interest

Terrain: Paved and gravel roads, forest roads and trail.  
Some steep parts.

Time: Approximately 1 + hours (3.5 km).

Turn off Rv49 and park in front of the **Tysnes School (1)** at Gjerstad.

Intermittently along the trail there are information boards with details on the local flora and fauna, wildlife management and forestry. The Forestry Division of the Tysnes Municipality put up these boards in order to increase public awareness of the forest and its uses.

The walk starts in a typical agricultural setting among cultivated hay fields and pastures on both sides of the road. After the first 300-400 metres on paved or gravel road you find a house with a nearby sign for the **nature walk (2)**. The trail then enters a forested area dominated by birch and pine. After a short distance there is a fence with a gate, beyond which you turn left off the road and proceed along the stone fence (3).

After a while you can see the remains of a small, private powerstation (4) that once produced electricity for the immediate area. It was the largest of several small private generators on the island before the Tysnes Utility was established in 1950. Along the trail you can see the supports for the pipeline that brought water to the turbine.

Past the power station you enter an area dominated by native juniper. This is a clear sign that the hills here were grazed by cows and sheep not long ago, and that the forest is in early stages of recovery (5).

At Kleiva (6) the trail steepens, but is always manageable. Finally you arrive at the lake and the dam where still can be seen the valve that once



Du er no komen opp mot fjellet. Vegetasjonen vert tynnare og mindre, og du kan allereie no sjå utsikta i glimt mellom tre og knausar. I området rundt Ramnanuten er det snaufjellsterreng, småkupert med fjell i dagen, grunnlendt jordsmonn og fuktige myrområde.

Vel framme på Ramnanuten (8) har du ei storslått utsikt over Tysnes-bygda, Bjørnefjorden, Folgefonna mot aust og havet mot vest, og det er ikkje vanskeleg å sjå at dette området måtte vere attraktivt for dei første jordbrukarane. Store, jamne jordflater og nærleik til sjø med gode hamnar, slik at ein kunne utnytte ressursane i havet. Hegglandsvatnet mot aust med ferskvassfiske og på alle kantar skog med både material- og viltressursar.

Oppe på nuten er ein fin rasteplass, med ein ganske stor flate der det er sett opp benkar. Det er gjerde nedanfor kanten, *men gå ikkje for langt ut, det er stupbratt ned!*

Rett framfor deg ser du den halvøya som etter kvart har gitt namn til heile kommunen - Tysnes. Dette gamle namnet tyder at dette var guden Ty sitt nes. Mot venstre ut forbi sentrum i Våge ligg Ve, som og er eit namn som peikar mot gudedyrking. Nord og litt aust om Tysneshalvøya ligg Store og Lille Godøy. Goden var namnet på presten i norrøn mytologi, og det ligg nær å tru at øyane vart kalte opp etter han som heldt til der. Desse namna, saman med ein del andre namn og opplysningar, har gjeve grunnlag for spekulasjonar om at Tysnes ein gong for to-tre tusen år sidan var ei heilag øy, og eit senter for gudedyrking i regionen. Sanninga om dette får vi truleg aldri, men det er i alle høve spanande å la fantasien leike med tankar om kva som gjekk føre seg på Tysnesøya i førhistorisk tid.

Stigen ned frå toppen er enkelte plassar litt bratt, men den er ikkje vanskeleg. Etter at du har passert ein informasjonsplakat om hjort kjem du inn på ein skogsveg (9). No er det berre å følgje skogsvegen nedover til ein rasteplass med utsiktspunkt (10).

Eit stykke lenger nede svingar skogsvegen mot nordaust. Midt i svingen tek du av til venstre, og held fram rett gjennom skogen (11). Etter kort tid kjem du ned til ein annan skogsveg. Eit lite stykke lenger framme svingar du ned forbi ei hytte (12). Herifrå går turen tilbake til parkeringsplassen ved skulen, langs den same veggen som du nytta oppover.

---

#### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

regulated the flow of water to the turbines. Past the dam you find an information board (7) giving details about the Norwegian Pine. Turn left here.

The mountain is now near and the trees are fewer and visibly shorter. Between rocks and trees you can catch glimpses of the lookout point. Around Ramnanuten you find the typically barren landscape of higher elevations: broken terrain with exposed solid ground rock interspersed with shallow, rocky soil and mountain bogs.

The panoramic view from Ramnanuten (8) is truly magnificent. To the north you see the Tysnes village and Bjørnefjorden (Bear Fjord). The Folgefonna glacier is in the east and in the west you see the North Sea. From this vantagepoint it seems even more obvious why the lowlands here were among the first to be settled; there are extensive, level fields near good harbours and ocean resources, and in the east there is the Heggland Lake with freshwater fishing surrounded by forests with timber and hunting opportunities.

On the very top of Ramnanuten there is a small plain with a picnic area and benches. Although there is a fence below the edge, *do not go too close; there is a nearly vertical drop there.*

In front of you is the Tysnes peninsula, which has lent its name to the entire island and to the present municipality. The name is of very ancient origin and indicates that Ty's Ness was dedicated to the god Ty of Nordic Mythology. To the left of the village of Våge is a place called Ve, also a name originating in ancient religious practices. To the north and a bit east of the Tysnes peninsula are the two islands Store Godøy and Lille Godøy. In Nordic Mythology the priest was called a "gode", and it is tempting to believe that the islands were named after the priest there. These names together with mounting archaeological evidence, support the theory that some 2000-3000 years ago the island of Tysnes was a sacred place and the centre of worship in the region. The truth will probably never be known, but it is nevertheless exiting to imagine what might have been going on here in ancient times.

The path from the top is quite steep in places, but it is not rated as difficult. After the steep part there is an information board with details about the Norwegian red deer. Past this board you enter a forest road (9) that takes you down to a cleared area with picnic tables and a lookout point (10).

A short distance further down, the forest road starts turning northeast. In the middle of this bend you turn left and proceed straight through the forest (11) to yet another forest road. After a while you see a cabin (12). Turning down past this cabin you encounter the road you used initially, and you are soon back in the parking area by the school.